

Rapport frå arbeidsgruppa for fornying av Masfjorden Frivilligsentral.

1. Bakgrunn for arbeidet.

Masfjorden Frivilligsentral vart etablert 01.09.91, etter at Sokneråda i Masfjorden fekk midlar frå sosialdepartementet til drift av ein slik sentral. Det vart då lagt til 20% av stillinga til kyrkjelydssekretæren, for å drifte sentralen. Slik har det vore i sentralen si 30-årige drift. Masfjorden frivilligsentral, vart med det ein av dei første frivilligsentralane i Norge.

Frå vedtektene til Masfjorden Frivilligsentral står det at, «*Frivilligsentralen skal på ein aktiv måte medverka og stimulera til at den frivillige innsatsen i kommunen aukar, gjennom å samordna frivillige tenesteytarar og brukarar av desse tenestene. Frivilligsentralen skal formidla tenester til dei av kommunen sine innbyggjarar som har ynskje om og glede og nytte av tenestene Frivilligsentralen til ei kvar tid kan yte. Frivilligsentralen sine tenester skal vera eit supplement til offentlege og private tilbod*».

Styret er satt saman av 5 representantar, då med 3 representantar frå soknerådet for 2 år, 1 kommunal representant og 1 representant frå frivillige lag og organisasjonar. Sistnemnde vart vald på årsmøtet. Årsmøtet er satt saman av sokneråd, helselaga og pensjonistlaga. Frivilligsentralen er eigd av Masfjorden sokneråd, og dagleg leiar har rapportert til styret. Då valperioden i Soknerådet gjekk ut i 2019, fall representant frå Solheim sokn ut av styret. Frå og med 1.01.2020 vart også dei tre sokna slå saman til eitt. Vedtektsendring og i kva grad samanslåinga skulle påverke samansetning av representantar i styret av frivilligsentralen, har ikkje vore oppe til diskusjon. Sist det vart gjennomført årsmøte i Masfjorden Frivilligsentral var i mars 2018.

2. Oppgåver og målsetting for arbeidet til arbeidsgruppa

Formannskapet (04.02.21) vedtok i samarbeid med Masfjorden sokneråd (09.03), og på bakgrunn av auka statleg satsing og finansiering av frivilligsentralar, å sette ned ei arbeidsgruppa som såg på fornya innhald, organisering og eigarskap. Dette areidet har beststått av ein prosess med møteverksemd frå februar til oktober 2021, der arbeidsgruppa har fått nyttige innspel både frå profesjonelle aktørar som Norsk Frivillighet, og Norges Frivilligsentraler sin fellesorganisasjon, og Vestland fylket, og frå dei frivillige lag og roganisasjonane i kommunen sjølv. Arbeidsgruppa har også fått tatt del i Frivilligsentralen i Gulen kommune sine erfaringar, samt frivilligsentralen i Bremanger kommune. Dette har vore svært nyttig som bakgrunn for innspelmøte med eigne lag og organisasjonar. Innspelmøtet frå lokale aktørar, var ein sentral milepæl i arbeidsgruppa sitt kartleggingsarbeid, som òg ville vere utgangspunktet for debatt kring organisering og eigarskap.

Følgjande møter er blitt haldne:

- 12.02: Oppstartsmøte - utforming av ramme for arbeidsgruppa.
- 23.04: Status og idemyldring
- 21.05: Innspel og erfaringsutveksling med frivilligsentralen i Gulen kommune og Norges Frivillighetsentraler.
- 27.05: Digital konferanse i Vestland fylkeskommune med Frivillighet Norge.
- 08.06: Dialogmøte med Åge Avedal i Vestland Fylkeskommune. Innspel og erfaringsutveksling frå frivilligsentralen i Bremanger kommune. Innspel frå kulturleiar og musikkskulerektor Frank Kvinge.
- 23.08: Status så langt - oppsummering av innspel og diskusjon eige innhald
- 06.09: Planlegging innspelmøte i september
- 09.09: Felles innspelmøte med lag og organisasjonar
- 13.09: Oppsummering av innspelmøte, og strukturering av innhald

20.09: Ferdigstilling innhald og prioritering
27.09: Innleiande diskusjon om organisering og eigartilhøve
04.10: Slutføre rapport - konklusjon

Proessen i arbeidet har hatt ein god flyt i løpet av våren og hausten, med gode innspel og diskusjonar. Følgjande oppsummering av foreslått innhald, organisering og eigartilhøve, vert omtala nedanfor.

3. Innhald i frivilligsentralen

3.1 Masfjorden frivilligsentralen generelt og målsetting for det frivillige arbeidet.

Heilt frå Frivilligsentralen vart skipa 1. sept. 1991, har målet for sentralen vore å halda ved like naturleg bygdekontakt og nabotenester. Dette prøver vi i ei tid der ein også på landsbygda merker utviklinga mot isolasjon og framandgjering for kvarandre. Sentralen stimulerar einskildpersonar, grupper og nærmiljø til friviljug omsorgsteneste og å byggja opp kontakten mellom generasjonane.

3.2 Arbeidsoppgåver til no

Frivilligsentralen har arbeida med mange oppgåver. Ein kan nemna føremiddagstreff, besøkstenesta, div. hjelpetenester og fleire andre ting. Styret for sentralen er opptekne av korleis vi kan gje rom for gjensidig utveksling av kulturytringar, og elles vera i kontinuerleg arbeid for å fanga opp nye utfordringar for frivillig teneste i lokalsamfunnet. Frivilligsentralen har hatt eit godt samarbeid med helselaga, Ytre Nordhordland demensforeining og omsorgstenesta i kommunen. Frivilligsentralen har òg hatt eit formelt samarbeid med Haraldsplass diakonale sykehus vedkommande hjelp og mottak av utskrivne pasientar som skulle tilbake til heimen.

3.4 Frivilligpris

Frivilligsentralen har kvart år sidan 1999 delt ut Frivilligpris til personar. Prisen vert gjeven til personar som med sine idear og/eller handlingar har betra trivsel og livskvalitet for andre.

3.5 Innstilling frå arbeidsgruppa:

Arbeidsgruppa er tydeleg på at innhald i frivilligsentralen må samsvare med ressursar, og då særleg personell knytt til sentralen. Aktivitetane må også vere forankra hjå frivillige personar og organisasjonar, for å få eit godt engasjement og kvalitet på aktiviteten. Aktivitetane må setjast i gong, etter kva kapasitet det er i frivilligsentralen. Det å få utarbeida eit årshjul, og ein handlingsplan, bør vere tidleg prioritert i den fornya utgåva av Masfjorden Frivilligsentral.

3.6 Forslag til aktivetar/ oppgåver:

Koordinering av datakurs/ datakafè/ «helpdesk» for pensjonistar/ andre - gjerne som generasjonsmøte.

Transport til butikk/ sjukeheim/ kyrkje

Lågterkel turvenn/ "spisevenn"/konsertvenn - gjerne som generasjonsmøte* (NB! Aktivitetsvenn er personavhengig)

Ungdomsaktivitet, gjerne saman med MOT: Spel, mekking, båt hobby

Samordning og informasjon ut om aktiviteter (kalendar), rekruttering, arrangement i og mellom lag og organisasjonar.

Vedlikehald av frivilligdatabase for arrangement og dugnader innan frivilligsektoren.

Halde oversikt og gje rettleiing i høve søknadsportalen, og oversikt på søknadsbaserte tilskotsmidlar i ulike kanalar og organisasjonar.

Koordinere BUA-tilbod

Koordinering av snørydding/ strøing.

“Vaktmester” koordinering/ nabohjelpe

Tiltak retta mot menn.

Oppretthalde kafèen på sjukeheimen (1.g./mnd. - tilbod).

3.7 Andre aktuelle aktivitetar:

Digital hjelpesentral.

Språkkafè (framandspråklege ektefeller)/ fleirkulturelt matkurs

Erasmus+ kulturutveksling for ungdom

Arbeidstrening

Gjenbrukssentral

Reparasjonsverkstad for klede/ strikkeverkstad

Open gymsal-aktivitet for born i feriar

Delta i ulike korte prosjekt, diakoni, demens, etc.

4. Organisering av frivilligsentralen.

Arbeidsgruppa er samstemde om at kapasiteten i frivilligsemtalen må aukast, for å kunne levere eit fullgodt tilbod innan frivillig sektor. Ei tilråding frå Norges Frivilligsentraler er at kommunen svarer til det statlege tilskotet, slik at fordelinga vert 60/40 for stat og kommune. Det vil sei at det kommunale tilskotet bør ligge på 187.000, ved eit statleg tilskot på kr. 281.000. For 2021 så har frivilligsentralen fått ekstra midlar (totalt kr. 440.000). Øyremerka midlar må det rapporterast på i høve gitte forskrifter.

Arbeidsgruppa har òg diskutert inngåande personalkapasitet i sentralen. Sentralen bør ha minimum 100% stillingsheimel. Vi tilrår at fleire enn 1 er tilsett, supplert med frivillige og personar i arbeidstrening.

Organisering i tre bygder eller ein sentralt gitt plass, har også vore diskutert. Å knyte tenester opp til biblioteka, kan vere ein måte å gjere det på. Når det gjeld bua, så er eit felles lager meir aktuelt, enn å ha tre likelydande “buer”. Det er viktig at frivilligsentralen er “ute i felten” og treff frivillige der dei er aktive. Lokalisering av frivilligsentralen må ta omsyn til dette.

Dersom ein ynskjer ein kommunal frivilligsentral, bør den ikkje vere tilknyta helse- og omsorgssektoren, då det kan vere vanskeleg å skilje mellom frivillig omsorg og teneste levert av kommunen. Då er ei tilknytning til kultursektoren noko enklare. Kulturseksjonen har allereie eit svært godt samarbeid med lag og organisasjonar, men er pressa på kapasitet. Ei god grenseoppgang og arbeidsoppgåveavklaring mellom frivilligsentralen og kulturkontoret må finne stad, men har stort potensiale for å spele kvarandre gode og få til eit godt samarbeid.

4. 1 Styret.

Arbeidsgruppa foreslår at styret består av 5 medlemmer, der 2 er utnevnte av eigar og 3 er utnevnt av frivillig sektor, vald på årsmøtet.

Tilrådd mynde: Innhald, tilrå budsjett, og tilsyn av dagleg drift.

4.2. Dagleg leiing.

Dagleg leiar rapporterer aktivitet og økonomi til styret. Arbeidsgjevaransvar vert lagt til eigar.

4.3 Årsmøtet.

Arbeidsgruppa foreslår at årsmøtet vert sett saman av inntil 2 representantar frå kvart lag og organisasjonar/ kyrkja, samt 2 representantar frå kommunen.

4.4 Arbeidstrening.

Ein frivilligsentral kan vere ein ypperleg plass å drive arbeidstrening, for dei som ynskjer ein tilpassa veg attende til arbeidslivet. Eit samarbeid med NAV og evt. Einekavane for å auke personalet i ein frivilligsentral, bør kunne vere tilstades.

4.5 Tilråding.

Vi tilrår at frivilligsentralen er organisert frittstående som ein eigen seksjon, og eige budsjettområde, med rapportering direkte til rådmann gjennom eige styre og årsmøte. Rådmann har arbeidsgjevaransvar for dagleg leiar.

5. Eigartilhøve.

Til no har Masfjorden frivilligsentral vore eigd av Masfjorden sokn, med eit styre samansett av 3 representantar frå soknerådet, samt 1 representant frå helselaga og 1 representant frå kommunen.

Det kan vere mange måtar og organisere eit eigartilhøve på, og det vert gjort på svært ulikt vis rundt om i landet. Arbeidsgruppa har diskutert eigartilhøve. Vi foreslår då ein kommunal eigd frivilligsentral, der kyrkja er ein samarbeidspart på lik linje med andre lag og organisasjonar. Dette meiner vi kan bidra til å inkludere fleire i det frivillige arbeidet, og at sentralen ikkje kjem i ei omdømmekonflikt, av å bli oppfatta som ein “forlenga” arm av eit religiøst arbeid. Kyrkja er likevel ein svært viktig samfunnsaktør og støttespelar til folk i ulike livsfasar, slik at kyrkja må vere ein god samarbeidspartnar.

Kommunen skal rapportere på statlege øyremerka midler, og kan nytte sitt apparat til å gjere dette på ein god og forsvarleg måte gjennom Nordhordland Revisjon. Nasjonalt vert det satsa på den frivillige sektor, og Vestland fylke tilrår at kommunane utarbeider strategi for frivillig arbeid. Frivilligsentralen kan i den samanheng vere eit sentralt verktøy for å sette frivilligpolitikken ut i livet, saman med lag og organisasjonar og aktuelle seksjonar i administrasjonen.

5.1 Tilråding.

Arbeidsgruppa tilrår at Masfjorden Frivilligssentral vert eigd av Masfjorden kommune, med eit styre som speglar den frivillige sektoren i kommunen. Årsmøtet er satt saman av inntil 2 representantar frå kvart lag og organisasjonar/ kyrkja, samt 2 representantar frå kommunen.